

**TYSSE SKYTTARLAG
1892**



1892 - 1992

SVEIN OLDERVOLL

Tysse Skyttarlag

1892 - 1992

BERGEN 1992

© TYSSE SKYTTERLAG, 1992
ISBN 82-7128-170-4

Grafisk produksjon,
A.s Centraltrykkeriet, Bergen

*Takk til annonsører og andre som har støtta arbeidet med denne saga.
Ei spesiell takk til Svein Oldervoll for alt arbeidet han har lagt ned for å få
soga skriven og presentert slik ho ligg føre i dag.*

Styret

Om heftet

Skyttarlaget er mellom dei eldste frivillige laga i Samnanger. Alle som var med den første tida er sjølv sagt for lengst borte. Det skriftlege materialet frå den første halvdel av laget si hundreårige søge er også sterkt begrensa. Difor er det ikkje til å unngå at ein i dette heftet vil finna ein fyldigare omtale av tida etter siste krigen enn av dei første femti åra.

Opplysningane i heftet er henta frå Tysse skyttarlag sine årsmeldingar og lagspapir elles, samt frå arkiva til Hordaland skyttarsamlag og Skytterkontoret i Oslo. Rune Erdal si sær oppgåve om Tysse skyttarlag frå 1980 har også vore til god nytte. Det same har intervju og artiklar i Samningen. Elles er mykje av det som kjem fram i dette heftet fortalt til under-teikna av tidlegare og noverande aktive i skyttarlaget.

8.juni 1992

Svein Oldervoll

Innhald

DEI HUNDRE ÅRA.

Utviklinga av laget frå starten til i dag.....	side 4
FORMANNSLISTE	side 17
FØR OG NO	
Laust og fast omkring miljø og skyting	side 18
SPESIELLE PRESTASJONAR	side 29
FRAMTIDA	side 33

Dei hundre åra

Han var sikkert rette mannen, K.A. Mattheussen. Mange kunne nok tenkja seg å vera med å skyta på blink for å sjå kven som var beste skyttaren. Men å dra i gong eit skyttarlag, med alt det innebar av papirarbeid og styr, var noko heilt anna.

Men 29 år gamle Kristian August Mattheussen hadde ein bakgrunn som gjorde at han ikkje kvidde seg med slikt. Faren var frå Sleswig-Holstein og kom til Bergen som ung mann i 1840-åra. Han var med og fekk i gong ullvarefabrikken i Arnavågen, men gjekk utor dette firmaet på slutten av 1860-åra og starta klesforretning i Bergen. Men han hadde framleis tru på ullvarefabrikasjon. Sonen Kristian August reiste i 1882 utanlands for å læra. Og medan sonen var ute og lærte, kjøpte faren Tyssefossen og grunnen rundt. Straks den då 22 år gamle Kristian August Mattheussen var heimkomen etter utanlandsopphaldet, i 1885, starta oppføringa av sjølvve fabrikken. Faren døydde eit par år seinare og 24 år gamle Kristian August vart fabrikkeigar K.A. Mattheussen.

I 1880- og 90-åra vart det skipa ei rekkje skyttarlag kringom i Hordaland. I Fusa fekk dei fleire skyttarlag i 1880-åra, og i 1891 vart Os skyttarlag skipa. Når ein i tillegg veit at ein av dei store pionerane innan den organiserte skyttarsporten i Hordaland, Hans Bjørndalen, budde i Hålandsdalen, næraste grannebygda til Samnanger, var det kanskje ikkje så løye at det vart gjort ein freistnad på å få eit eige skyttarlag i Samnanger også.

I januar 1892 sette Mattheussen og medhjelparane hans i gong. Ein fyldig skyteprotokoll, samt ein bunke kvitteringar og bilag frå det første året, gjer det mogleg å følgja oppstartinga frå månad til månad.

Først og fremst måtte dei skaffa seg våpen. Mattheussen kontakta "Centralforeningen for Udbredelse af Legemsøvelser og Vaabenbrug" som i mars 1892 sende 9 Remingtonrifler frå Kristiania med dampskipa "Harald Haarfager" og "Excellensen". Seinare på våren følgde fleire sendingar med våpen og ammunisjon. Men om det meste dei trong vart henta frå hovudstaden draup det då også litt på det lokale næringslivet. I løpet av våren 1892 handla skyttarlaget for tilsaman 16 kroner og 41 øre hos N.S. Røsseland. Det var papirark til 2 øre stykket, frimerke til 10 øre og konvoluttar til 2 øre. Det var spikar og skrivebøker og papp. Frå Bergen fekk dei tak i skyteskiver til 50 øre stykket.

Dermed var Samnanger skytterlag skipa. Men sidan bygda var vid og det ville vera heilt uråd at menn frå alle kantar skulle samlast på ein stad for å skyta, vart laget frå starten delt inn i fem avdelingar, eller roder som dei kalla det. Kvar avdeling hadde si eiga "bane" og dreiv for seg. Og interessa for å vera med var stor. Tysse-avdelinga hadde 28

Nr. ⁸⁻⁷
Samnanger Skytterlag

har til **Centralforeningen for Udbredelse af Legemøvelser og
Vaabenbrug** betalt Bidrag for Aaret 1892 med 8, otte Kr.

Kristiania, 1. Juli 1892

Arne Jacobsen
Kasserer.

I juli 1892 betalte Samnanger skytterlag sitt "bidrag" til "Centralforeningen for Udbredelse af Legemøvelser og Vaabenbrug". Dermed var det nyskipa laget ein del av den organiserte skyttarrørsla i landet.

medlemer dette første året, Tveit hadde 23, Ådland 15, Eikedalen 10 og Frøland 19. Til saman vart dette 95 aktive skyttarar.

12. og 13. november 1892 møttest skyttarane frå dei ulike rodene til premieskyting på Ådland. Det vart konkurrert på to hald, 75 meter og 150 meter, med fem skot på kvart hald. Og det var sett opp flotte premiar. Ved å vinna begge skytingane ville ein kunna ta inn 12 kroner, ein ikkje liten sum i dei dagar. Så med store pengepremiar i siktet, i tillegg til det å få tevla mot skyttarane frå dei andre delane av bygda, kan ein nok trygt rekna med at premieskytinga på Ådland i 1892 var ei storhending som sikkert vart følgt av eit talrikt publikum.

Og her er resultatlista (med storleiken på pengepremien i parantes):

150 meter

- | | |
|-----------------------------|--------------------|
| 1. Jacob Folkedal, Tysse | 28 point (kr.7,00) |
| 2. K.A.Matthiessen, Tysse | 24 point (kr.4,00) |
| 3. Peder P. Egedal, Eikedal | 20 point (kr.3,00) |

75 meter

- | | |
|-----------------------------|--------------------|
| 1. K.A.Matthiessen, Tysse | 38 point (kr.5,00) |
| 2. Johan J. Aadland, Ådland | 34 point (kr.3,00) |
| 3. Jens H. Haug, Frøland | 34 point (kr.3,00) |

Bortsett frå oppstartingsåret er det ikkje så veldig mykje me veit om denne første tida i skyttarlaget si soge. Men alt i 1893 ser det ut at interessa har minka. Då høyrer me ingen ting om korkje Tveit eller Ådland, medan medlemstalet i dei tre andre avdelingane, Tysse, Frøland og Eikedal, er nede i 41 til saman. Men om interessa avtok, leid slett ikkje Samnanger skytterlag same triste lagnad som svært mange andre skyttarlag i fylket. Etter nokre få aktive år somna ein stor del av laga inn, enten for godt eller for ein periode. I Samnanger unngjekk dei dette.

I 1895 var P.Egedal utsending frå Samnanger skytterlag på ordinært ombudsmøte i Hordaland Folkebevæpningssamlag (som sidan skifta namn til Hordaland skyttarsamlag) i Østensø (Øystese). Der var det framme ei sak som forbausar dei av oss som trudde at skiskyting var ein heller ny idrett. For på dette møtet vart det reist framlegg om at samlaget skulle løyva kr. 100 til ein planlagd ski- og skytekonkurrans mellom Samnanger og Hålandsdalen. Framlegget vart stemt ned. Om det likevel vart halde skiskytingskonkurrans veit me ikkje. Men året etter vart same framlegget reist på nytt, med same resultat.

Fram mot århundreskiftet minka interessa for skyttarsporten i Samnanger. I 1899 var det berre 10 medlemmer i laget. Ingen av medlemene hadde privat børs, men laget hadde eitt gevær i si eiga. Med denne børs vart det avfyrt til saman 312 skot i 1899, det minst aktive året i skyttarlaget si soge, når ein ser bort frå åra under andre verdenskrig.

Men etter århundreskiftet tok laget seg sakte men sikkert opp igjen, under formann Bertin Frøland si leiing. I 1905 var medlemstalet kome opp i 23 att. No hadde dei også teke til å skyta på 400 meter, i tillegg til 100 og 200. Medan samtlege Samnanger-skyttarar før hadde skote i 1.klasse, fekk laget dette året fire skyttarar i klasse 2.

Det er tydleg at Frøylandsdalen stod sentralt i Samnanger skyttarlag i dei første åra av dette århundret. Ikkje berre hadde dei formannen i Bertin Frøland, men også dei beste skyttarane. Laget sine fem klasse 2-skyttarar i 1906 var Bertin Totland, Bertin Frøland, Hans Eikedal, Jens Haug og Tomas Tøsseland.

Kva som låg bak det som vidare skjedde, kan me berre gissa oss til. 1906 vart i alle fall siste året for Samnanger skytterlag. I staden fekk me to skyttarlag i kommunen, Tysse skyttarlag og Frølandsdal skyttarlag. Den aktive formannen i Samnanger skytterlag, Bertin Frøland, vart no formann i Frølandsdalen skyttarlag. I 1907 hadde dei 15 medlemmer, året etter 18. Sidan høyrer me ikkje meir til Frølandsdalen skyttarlag.

Me kan nok tenkja oss at det har vore ein del strid og motsetnader omkring kløyvinga av Samnanger skytterlag. Dei gode skyttarane i

Frøylandsdal-krinsen ser i alle fall ut til å ha slutta som aktive skyttarar etter at Frølandsdalen skyttarlag vart lagt ned etter eit par års drift. Me finn dei ikkje som medlemmer av Tysse skyttarlag i åra etter nedlegginga av Frølandsdalen skyttarlag i 1908. No kan det sjølv sagt henda at Frølandsdalen skyttarlag eksisterte også nokre år etter 1908, men dei var i alle fall ikkje med i den organiserte skyttarrørsla då.

Kløyvinga av Samnanger skytterlag førte altså til at det frå 1907 vart nytta namnet Tysse skyttarlag om hovudlaget i bygda. Og medan det gjekk dårleg med Frølandsdalen skyttarlag, fekk Tysse ei rekke nye medlemmer og kunne alt i 1907 bokføra 42 aktive skyttarar. Året etter gjekk rett nok medlemstalet litt ned att, men på den andre sida hadde laget då heile 16 andreklasse-skyttarar.

No var det ikkje berre Tysse skyttarlag som opplevde gode år på denne tida. Frigjeringa frå Sverige, samt lettare tilgong på våpen og ammunisjon, gjorde at skyttarsaka hadde aukande oppslutnad i heile landet i åra etter 1905.

I dei første 20 åra av skyttarlaget si søge hadde ikkje laget noko spesialbygd bane. Dei gjorde seg berre nytte av laglege stader kringom i bygda. Men på ettervinteren 1912 vart det, under den nyvalde formannen Hans R. Nilsen si leiing, bygt bane oppom Nymark. Tømmer vart høgt og skore på dugnad av laget sine medlemmer, og medan det enno var snøføre og kaldt vart materialane frakta fram til baneområdet. Fabrikkeigar K.A. Matthiessen, framleis svært interessert i skyttarsaka, gav arbeidarar på Ullvarefabrikken fri til å arbeida på bana. Halvparten av kostnaden med bana vart elles dekkja av tilskot frå staten og Det Frivillige Skyttarvesen. Då anlegget var ferdig hadde Tysse skyttarlag 100, 200, 400, 600 og 800 meter bane, samt eit lite skyttarhus på 25 kvm. Men standplassen var ikkje overbygd, og hadde berre plass til tre skyttarar om gongen. Leiga for baneområdet vart fastsett til kr.25 om året, fordelt på tre grunneigarar. Halvparten av denne summen fekk laget i leigetilskot frå staten.

Mellom dei ivrigaste skyttarane på den nye bana var nokre brør som skulle koma til å stå veldig sentralt i skyttarlaget si søge heilt fram til våre dagar, Knut, Hans og Ole Tysse.

Eldstemann, Knut, var formann i laget i 10 år frå 1915 til 1924, ein periode med aukande aktivitet i Tysse skyttarlag. Medan dei fleste lag opplevde tilbakegang og dårlege tider under den første verdenskrigen frå 1914 til 1918, ei tid med stor oppslutnad om fredsaka og eit meir negativt syn på dei forsvarsvennlege skyttarlaga, kunne Tysse skyttarlag notera seg for god aktivitet jamvel desse åra.

På byrjinga av 20-talet hadde mange av dei ivrigaste Tysse-skyttarane skaffa seg private børser, slik at det var lettare for dei andre å få sleppa



Hans J. Tysse, storskyttaren som mellom anna skaut seg til to Kongepokalar. Her med ein del av medaljane sine. Også ryggen av jakka var full av medaljar då biletet vart teke, vert det fortalt.

til med lagsbørsene. Dei beste skyttarane satsa i det heile noko meir seriøst på idretten sin. Ein skyttar som Hans H. Solberg (f. 1882, far til den Hans H. Solberg me kjenner), var oppe i 6-700 skot i året tidleg på 20-talet.

Men den aller beste skyttaren var likevel Hans J. Tysse, den mellomste av "Jonabrørne". På denne tida var landet delt opp i 10 skyttarkrinsar. Kvart år vart det sett opp Kongepokal i to av desse krinsane, slik at dei einskilde landsdelane hadde skyting om Kongepokal kvart femte år.

I 1924 var Kongepokalen sett opp til Vestlandsmeisterskapet på Os. 207 skyttarar konkurrerte om den flotte pokalen. Hans J. Tysse gjekk til topps med 80 poeng. Då Kongepokalen på nytt var sett opp under Vestlandsmeisterskapet, i Rosendal i 1929, gjekk Hans J. Tysse til topps på nytt. Denne gongen var det litt færre deltakarar, 150, men på den andre sida skaut Jona-Hans'n fem poeng meir enn fem år tidlegare.

At Hans J. Tysse må ha vore eit uvanleg stort skytetalent vert understreka av at han på denne tida berre løyste 3-400 skot i året. Men det heiter seg at han ofte stod i glaset og klikka med børsa, ei treningsform som framleis vert praktisert av mange skyttarar.

Hans J. Tysse var også formann i laget eit par år før han flytta til Voss i 1937.

Den yngste av dei tre Tysse-brørne, Ole, var også ein svært god skyttar i si tid. Men den aller største innsatsen har han lagt ned som midtpunkt og støttespelar i laget gjennom eit par mannsaldrar.

Tunet til dei tre brørne oppe på Tyssereinane vart tidleg eit samlingspunkt for skyttarane i Tysse-området. Sjølv om laget hadde fått seg eiga bane var det her oppe dei trente om sumarskveldane, ja ofte om dagane óg, for dei som hadde høve til det. Alle på Tysse skaut før i tida, fortel Ole som sjølv hadde det svært så travelt med å la skot for dei som ville prøva seg som skyttarar. Kor mange skot Ole J. Tysse har ladd opp gjennom åra er det nok ingen som veit, men me snakkar om temmeleg mange tusen.

Ikkje løye at både Ole og Jonalemmen er vorte viktige begrep i Tysse skyttarlag. Alle i Tysse-området som driv eller har drive med skyting, har vore på Jonalemmen både titt og ofte. Ole Tysse, no ein sprekk 88 år gamal mann, er framleis levande interessert i skytesporten i det heile, og Tysse skyttarlag spesielt. Kvart år sidan 1977 har han sett opp ein flott pokal på feltkarusellen til beste skyttar i Hordaland skyttarsamlag. . Og han følgjer godt med skyttarane i laget. - Alf'n e nok dan beste, men eg tvila på om han e lika god som han ein gong va, var den vurderinga Ole i vår gav til forfattaren av denne saga.

For den store innsatsen sin for skyttarsporten vart Ole J. Tysse tildelt Hordaland skyttarsamlag sitt heidersteikn i 1981. I 1986 fekk han Tysse skyttarlag sin fortенestemedalje. I den samanheng kunne Samningen gje att følgjande replikkveksling mellom utdelar Kjell Langeland og Ole J. Tysse:

Ole: - Ka e da du kjem med dar?

Kjell: - Da e ein medalje som eg vil hengja på deg!

Ole: - Ja, ja, da kan du no gødt, da e nemleg Hans'n si trøya eg har på meg.

Og egentleg syntest vel alle at dette passa godt. Ole fekk sin vel fortente medalje som vart festa på trøya til den broren som kanskje var den aller beste skyttaren Tysse skyttarlag har fostra.

Byrjinga av 20-åra var altså ein aktiv periode for Tysse skyttarlag. At interessa for skyttarsporten var god viser også det at vestsida av fjorden fekk sitt eige skyttarlag på denne tida. Trengereidfjorden skyttarlag vart skipa i 1924.



Gode Tysse-skyttarar samla til fotografering ein gong rundt 1930 (?). Frå venstre Birger Matthiessen, Hans R. Nilsen, Hans H. Solberg (d.e.), Knut Litli (?), Leif Matthiessen, Engel Høysæter, Hans Tysse, Jens Haug og Selmar Nilsen.

Etter at Knut Tysse gav seg som formann i 1924 overtok ein annan sentral person formannsvervet. Leif Matthiessen, son til K.A. Matthiessen som var første formann i laget, var formann i Tysse skyttarlag frå 1925 til 1930. Og han var ein svært aktiv skyttarlagsmann, både som administrator og som skyttar. Ein periode var han også med i styret for samlaget. God skyttar var han også. Men så trente han også meir enn nokon Tysse-skyttar hadde gjort før han. I 1926 skaut Leif Matthiessen som første medlem i Tysse skyttarlag over 1000 skot på eit år. Det skulle gå 25 nye år før nokon på nytt passerte denne grensa. Leif Matthiessen flytta sidan frå Samnanger, men heldt fram som aktiv skyttar. På sine eldre dagar vart han utnemnt til æresmedlem i Bergen skytterlag.

Ein annan ivrig skyttar gjennom mange år, Vilhelm V. Haug, overtok formannsvervet etter Leif Matthiessen. I første formannsåret hans, 1931, skjedde ei hending som også skulle få følgjer for skyttarlaget. Ullvarefabrikken brann ned. Heilt sidan starten hadde skyttarlaget vore nær knytt til ullvarefabrikken, ikkje minst avdi familien Matthiessen var ivrige skyttarar. Men no låg ullvarefabrikken i ruinar og mange stod utan arbeid. Sidan det var dårlege tider elles også, var det ikkje alle som hadde like god råd til å driva med skyting som før.

Så braut 2.verdenskrig ut. Hausten 1940 kom tyskarane til bygda. Skyttarlaget hadde nyleg fått ei forsending på 2000 skot. Dei hadde også ein del børser i si eiga. Ole Tysse og Selmar Nilsen fekk gøymt skota og sine egne gevær i ei gamal utløe. Fleire andre skyttarlagsmedlemmer fekk også gøymt unna børsene sine. Men lagsgeværa tok tyskarane. Dei vart visstnok sende til Kongsberg for omstøyping. Elles vart seks telefonar som laget hadde til samband mellom standplass og grav, knuste til mask. Mot slutten av krigen vart det gjort ein del øydeleggingar på sjølve bana også.

Då krigen var over ville "alle" vera med i skyttarlaget. I 1945 hadde Tysse skyttarlag 132 medlemmer, i 1946 heile 153, eller over tre gongar så mange som før krigen. Oppe på Tysse-reinane stod ungdommen i kø for å få skyta, medan Ole Tysse ikkje fekk gjort stort anna enn å la skot. Jamvel nokre jenter prøvde seg på skytebana rett etter krigen. Men sidan bana var øydelagd og børser og ammunisjon mangelvare, var det ikkje så mange skot dei mange medlemene fekk skyta kvar. Nesten ingen av Tysse-skyttarane hadde over 100 skot i året desse første etterkrigsåra.

Skaden på bana vart taksert til 2000 kroner, eit beløp kommunen la ut. Etter kvart vart anlegget sett i stand att. Etter tyskarane overtok laget nokre telefonleidningar. Telefonar fekk dei hos samlaget. Frå militæret fekk laget skot og 12 armegevær. Så i 1946 kunne Tysse

skyttarlag invitera til lagsstemne med over 90 deltakarar.
Også i 1947 vart det utført vølingsarbeid på skytebanane. 300-meteren vart utvida til sju skiver.

Den voldsomme interessa rett etter at "freden braut laus" avtok etter kvart. Alt i 1947 var medlemstalet nede i 91, eit nivå det skulle verta liggjande på fram til at mange av dei eldre skyttarane gav seg nokre år seinare.

Men sjølv om medlemstalet gjekk ned utover på femtitalet hadde Tysse skyttarlag framleis skyttarar som hevda seg godt. Ei oppmuntring for alle var Hans H. Solberg sin prestasjon under landskyttarstemnet i Bergen i 1957. Nokså uventa slo han til med imponerande sterk skyting, 20.plass totalt og medalje.

Fleire av dei aktive skyttarane på denne tida var også med i heimevernet, som hadde sine eigne landskonkurransar. Og her hevda samningane seg godt. I åra mellom 1950 og 1964 kvalifiserte dei seg til deltaking i landskonkurransen heile sju gonger.

Ein av dei mange ungdomane som byrja skyta etter krigen var Kjell Langeland. Han vart etter kvart ein svært ivrig skyttarlags-medlem. I 1959 tok han over som formann i laget, eit verv han hadde i 17 år, fram til 1975.

På denne tida skjedde eit generasjonskifte i Tysse skyttarlag. Det var no dei kom med, mange av dei som framleis står i brodden i laget. Kjell Langeland kom altså med rett etter krigen, men utover på femti- og sekstitalet kom det fleire: Terje Høysæter, Erling Eriksen, Per Eikestad, Arvid Kolle og Alf Høysæter, alle sentrale folk i laget den dag i dag.

Det er ikkje i tvil om kven som skal ha æra for å ha berga Tysse skyttarlag velberga gjennom dette generasjonskiftet. Det var Kjell Langeland, og i lange periodar han åleine, som tok seg av rekruttane og dei unge og sytte for å få fram nye skyttarar i laget. Ja, det var Kjell'n som rett og slett dreiv laget denne tida, seier dei som har følgd Tysse skyttarlag på nært hald i etterkrigstida. Sjølv om han budde i Bergen reiste han innover til Tysse ein gong i veka for å trenast med ungdomane. Og han kjørte dei kringom på stemne. Det var mange unge Tysse-skyttarar som fekk sitja på i Kjell'n si svarte Folkevogn. Ofte budde dei også hos han i Bergen, der Astrid, kona til Kjell, heldt heile bunten med mat.

Kjell Langeland gjekk heller ikkje av vegen for å prøva nye treningsmetodar i arbeidet for å gjera ungdomane til betre skyttarar. - Kjell'n meinte me burde driva styrketrening. Eit kosteskafte med murstein på gjorde nytta i denne treninga. Sidan vart mursteinane bytte ut med meierilodd, minnest ein av dei som naut godt av Kjell Langeland sin iver for dei unge skyttarane i laget.



Kjell Langeland har vore i sentrum for rekrutteringsarbeidet i Tysse skyttarlag gjennom det meste av etterkrigstida. Her sit han mellom Joar Kolle (til venstre) og Trond Nordvik etter at alle desse tre vart Hordameistrar i sine klassar i 1991.

Kjell Langeland var også ein nyttig mann for Hordaland skyttarsamlag. Han var med i samlagstyret i mange år. Han var også formann i samlaget sitt ungdomsutval ein lang periode. For innsatsen sin vart Kjell Langeland tildelt Samlaget sin fortjenestemedalje i 1973.

Men først og fremst la Kjell Langeland ned eit stort arbeid i Tysse skyttarlag. Og arbeidet bar frukter. Fleire av dei nye skyttarane i laget vart etter kvart veldig gode. I 1969 fekk Terje Høysæter medalje i feltskyting på landskyttarstemnet. Denne prestasjonen innleidde ei tid med mange sterke prestasjonar frå Tysse-skyttarane si side.

For utover på 70- og 80-talet vart det mykje heider og ære til Tysse skyttarlag, først og fremst i feltskyting, men også på bane. På lagskytinga i felt var dei i ein periode bortimot uslåelege i samlaget. Det heile toppa seg i 1972. Det året vann Tysse ni av ti moglege lagskytingar, to av dei dobbelt. Alt i alt vann dei 23 medaljer på 13 stemne. Men dette året var ikkje noko enkelt blaff, om nokon skulle tru det. Går me for eksempel fram til 1980, finn me at Tysse skyttarlag det året vann lagskytinga på

10 av 13 feltstemne.

Som me forstår skjedde det ei rivande utvikling i denne perioden. Medlemene i Tysse skyttarlag trente og skaut som aldri før. Medan skyttarlaget før krigen løyste 6-7000 skot i løpet av eit år, var talet i 1978 kome opp i over 32.000. Dei ivrigaste skyttarane skaut like mange skot i året som heile laget gjorde til saman ein generasjon tidlegare. I 1970 starta også laget med innandørs skyting. Også når det gjeld utstyr hadde det skjedd ein revolusjon.

Men skytebana var stort sett den same som før. Rett nok vart det bygt standplass-overbygg i 1965, men elles var ikkje anlegget slik ein kunne ønskja. Og det verste av alt: Dei mangla veg fram til skytebana. Som han sa, konkurrenten frå eit anna lag, som beklaga seg over den dryge spaserturen fram til Tysse si bane: - Me var knekte før me kom fram til standplass.

I 1983 vart skytebana midlertidig stengt for all skyting på grunn av manglar. Men på same tid skjedde det noko som gav håp. I samband med ny høgspenlinje vurderte BKK å byggja ny skogsveg til Smådalen. Her låg sjansen. Var Tysse skyttarlag heldige ville vegen koma i nærleiken av skytebana.

Dei skulle verta endå heldigare enn som så.

Det viste seg nemleg at vegen ville gå rett gjennom skytebaneområdet. Det måtte verta ny bane, og BKK måtte inn og ta ein del av kostnaden. Og dei høge herrar i BKK var slett ikkje uvillige.

Og ting skjedde raskt. Utover våren 1984 sytte Tysse skyttarlag for avtalar med grunneigarane i Gaupholmsmarka samt nødvendige løyve og godkjenningar. På ettersumaren startar forhandlingane med BKK som lova å byggja veg til standplass, støypa standplassar på 100 og 200 meter, byggja skivevollar og rikosjettdekning. Dei lova også å gjera sin del av arbeidet innan 1.mai 1985.

Og BKK heldt det dei lova, sjølv om kostnaden viste seg å verta langt høgare enn først rekna med.

Tysse skyttarlag sine medlemmer tok fatt på dugnadsarbeid med stor glød og innsats. Standplassbygget på 100 meteren er eit døme: Sundag 25.november 1984 stod ein del av tømmeret som skulle brukast til bygget framleis på rot. To veker seinare var bygget ferdig kledd og med tett tak. Og då snakkar me om ei mørketid på året som ikkje eignar seg spesielt godt for dugnadsarbeidarar.

Dugnadsinnsatsen heldt fram, ikkje berre av Tysse skyttarlag sine eigne folk, men også av medlemene sine vener og kjenningar.

I mai 1985 vart nyebana teken i bruk for første gong. Samstundes starta arbeidet med klubbhus.

Neste vår var også klubbhuset ferdig, og 31.mai 1986 kunne eit stolt



Den nye bana ligg idyllisk og avskjerma til i Gaupholmsmarka. Her er ein del av laget sine skyttarar samla til trening i mai 1992.

Tysse skyttarlag invitera til innviingsfest og opning av det nye baneanlegget. Dei kunne presentera gjestene for eit nesten fiks ferdig moderne skytebaneanlegg. Og dette hadde dei fått til utan å låna ei krone. Men dugnadsinnsatsen var betydeleg. Det var snakk om over 3.500 timar. Per Eikestad og Vilhelm Haugen vart hylla for ekstra stor innsats. Det vart fortalt at Vilhelm Haugen åleine hadde omlag 1000 dugnadstimar på bana, over eit halvt årsverk altså.

Den samla kostnaden på snaue bana, med veg, var elles på omlag 1,1 millionar. I tillegg til BKK sin del, som vart på 0,4 millionar, fekk laget 0,2 millionar i tilskot, først og fremst frå kommunen. Resten var dugnadsinnsats, bruk av eigne materialar osv.

Etter at anlegget i Gaupholmsmarka stod ferdig tok Tysse skyttarlag ein liten dugnadspause før dei i 1988 starta arbeidet med å laga til miniatyrbane i garderobebygget på sentralidrettsanlegget i Haga-botnane. I 1989 var også denne bana klar til bruk.

Men det skjedde også andre endringar på 80-talet. Frå 1. januar 1986 gjekk nemleg Trengereidfjord og Tysse skyttarlag saman til eitt lag,

under namnet Tysse skyttarlag.

Trengereidfjord skyttarlag vart skipa i 1924. Den første tida heldt dei til i Trengereidfjorden, men fekk etter krigen bane på Beinavikjøe. Her hadde dei også skyttarhuset "Skogheim", eit bygg som òg vart leigt ut til dans. "Skogheim" brann ned i 1960. Trengereidfjord skyttarlag hadde medlemar frå heile noverande Nordbygda-krinsen.

Det hadde stort sett støtt vore eit godt forhold mellom Tysse og Trengereidfjord skyttarlag. Dei to laga hadde mellom anna i si tid ein pokalkamp der det måtte vera med folk frå alle klassar på laga.

Ofte reiste Tysse-skyttarar og Trengereidfjord-skyttarar i lag på stemne, og søkte også saman på campingplassane når det var snakk om overnatting. Men likevel var det naturleg nok ulike meiningar i Trengereidfjorden skyttarlag om ei eventuell samanslåing. Problemet løyste seg ved at laget ikkje fekk fornya avtale om leige av grunn for bana. Dermed tok Trengereidfjorden skyttarlag med seg eiga si og gjekk saman med Tysse skyttarlag.

Etter ein periode med store omveltningar og byggjeverksemd som viktigaste oppgåve, kunne Tysse skyttarlag gå over i 90-åra med sjølvskytinga i sentrum att.

Formenn i laget

Samnanger skytterlag

1892 K.A. Matthiessen
1893 Johs. Svendsdal
1894 J.N.Tøsse
1895 Ivar Andersen
1896 J.Nilsen
1897 H.Tøsse
1898 Thomas Jarland
1899 Thomas Jarland
1900 J.(Bertin?)Frøland
1901 Bertin Frøland
1902 Bertin Frøland
1903 Bertin Frøland
1904 Bertin Frøland
1905 Bertin Frøland
1906 Bertin Frøland

Tysse skytterlag

1907 E.Sannes
1908 I.Ystaas
1909 I.Ystaas
1910 I.Ystaas
1911 I.Ystaas
1912 Hans R. Nilsen
1913 Hans R. Nilsen
1914 Hans R. Nilsen
1915 Knut Tysse
1916 Knut Tysse
1917 Knut Tysse
1918 Knut Tysse
1919 Knut Tysse
1920 Knut Tysse
1921 Knut Tysse
1922 Knut Tysse
1923 Knut Tysse
1924 Knut Tysse
1925 Leif Matthiessen
1926 Leif Matthiessen
1927 Leif Matthiessen
1928 Leif Matthiessen
1929 Leif Matthiessen
1930 Leif Matthiessen
1931 Vilhelm V. Haug
1932 Vilhelm V. Haug
1933 Vilhelm V. Haug
1934 Vilhelm V. Haug
1935 Hans J. Tysse
1936 Hans J. Tysse
1937 Selmar Nilsen
1938 Selmar Nilsen
1939 Selmar Nilsen

1945 Selmar Nilsen
1946 Selmar Nilsen
1947 Knut Litli
1948 Knut Litli
1949 Knut Knutsen
1950 Knut Knutsen
1951 Knut Knutsen
1952 Knut Knutsen
1953 Knut Knutsen
1954 Torolf Solvang
1955 Torolf Solvang
1956 Torolf Solvang
1957 Torolf Solvang
1958 Torolf Solvang
1959 Kjell Langeland
1960 Kjell Langeland
1961 Kjell Langeland
1962 Kjell Langeland
1963 Kjell Langeland
1964 Kjell Langeland
1965 Kjell Langeland
1966 Kjell Langeland
1967 Kjell Langeland
1968 Kjell Langeland
1969 Kjell Langeland
1970 Kjell Langeland
1971 Kjell Langeland
1972 Kjell Langeland
1973 Kjell Langeland
1974 Kjell Langeland
1975 Kjell Langeland
1976 Terje Høysæter
1977 Terje Høysæter
1978 Terje Høysæter
1979 Erling Eriksen
1980 Erling Eriksen
1981 Arvid Kolle
1982 Arvid Kolle
1983 Per Eikestad
1984 Per Eikestad
1985 Per Eikestad
1986 Per Eikestad
1987 Vilhelm Haugen
1988 Vilhelm Haugen
1989 Vilhelm Haugen
1990 Per Eikestad
1991 Per Eikestad
1992 Per Eikestad



Skjttarsporten har gjennomgått store endringar sidan dette biletet vart teke. Vanlege "sundagsklede" gjorde tydlegvis nytta i gamle dagar. Biletet er frå Tysse skyttarlag si gamlebane, men kven skyttarane er veit me ikkje, heller ikkje kor tid biletet vart teke.

Før og no

Mindre trening og lengre hald

Sjølvsagt har også skyttarsporten endra seg voldsomt gjennom dei 100 åra det har vore skyttarlag i Samnanger. Ein kan vel med ein viss rett seia at skytinga gradvis har endra seg frå nyttig leik og moro for vaksne til seriøs idrett på eit høgt plan.

Den første tida fekk dei som hadde interesse for skyting låna eit av laga sine Remington-børser, etter nokre år bytte ut med Krag Jørgensen-gevær, og fyrte av utan å ha trent stort på førehand.

Men på lange hald kvidde dei seg ikkje for å skyta, gamlekarane. 600 meter, og jamvel 800, var dei svært så fortrulege med, sjølv om dei nok ikkje heilt likte sterk vind når dei skaut på desse halda. For etter kvart som kula nærma seg 800 meter var det ikkje den heilt store krafta i ho lenger. Det vert herma etter Vilhelm Haug, spesielt aktiv i tredveåra, at det hende at kula vart ståande fast i pappen på skiva. Ho hadde altså ikkje kraft nok til å trengja heilt gjennom.

Men anvisninga kunne vera grei på desse lange halda. - Når me skaut på 800 meter vart det markert etter lyden. Traff kula muren markerte me lav bom, suste ho gjennom lufta markerte me høg bom, fortalde Selmar Nilsen til Samningen i samband med opninga av den nye skytebana.

Spesialutstyr var det ikkje snakk om i det heile før i tida. Skyttarane kom i sine vanlege klede, hadde kanskje berre teke på seg ei ekstra gamal jakke som dei ikkje var redde for å skitna til. Så var det å venta på tur for å få sleppa til på ei av lagsbørsene, børser som ikkje kan måla seg med dei kostbare presisjonsinstrumenta dagens skyttarar brukar. Ammunisjonen var også av langt dårlegare kvalitet før i tida. Jamvel noko så enkelt som ei skikkeleg støttereim måtte gamlekarane greia seg utan. Det var først i samband med årsmøtet i laget i 1951 at Selmar Nilsen demonstrerte bruken av den nye reima "etter Røgeberg sin instruksjon".

Foto på midtsidene: Styret for Tysse skyttarlag i jubileumsåret samla framfor skyttarhuset i Gaupholmsmarka. Framme frå venstre: Per Eikestad (formann) og Alf Høysæter. Bak frå venstre: Erling Eriksen, Kjell Ove Skår og Arne Haugen.



Dei var forresten ikkje så redde for høyrsele heller før. Høyrselvern er ei oppfinning som høyrer dei seinare år til. Tidlegare dytta ein gjerne litt bomull i øyrene. Om det hjelpte så veldig for smella er vel tvilsamt, men, som ein skyttar seier, det hjelpte i alle fall for å halda skiten ute.

Dei siste par tiåra har det skjedd ei voldsom utvikling på utstyrsfronten. Ein skyttar som vil hevda seg i toppen lyt investera i børs til omlag 10.000 kroner. Utstyret elles, klede, skor og meir til, dreg seg nok også opp i omlag 10.000 kroner. Men då skal det óg leggjast til at utstyret varer i mange, mange år.

Men det er ikkje berre utstyret som har endra seg. Dagens skyttarar legg ned mykje tid på trening, i tillegg til at dei skyt like mange stemne på ein sesong som dei før gjerne gjorde i løpet av ein heil karriere. Ein storskyttar som Hans J. Tysse skaut ikkje meir enn 3-400 skot i året. Fleire av medlemene i Tysse skyttarlag i dag er oppe i 4 - 5.000 skot på eit år. Dei som kjempar i teten på landsplan skyt gjerne 10 - 12.000 skot.

I tillegg driv dagens skyttarar gjerne ein del trening utanom, både fysisk og psykisk. I tillegg til talent, krevst det gjerne over tjue timar trening i veka for å koma heilt til topps, eit bortimot uoppnåeleg mål for dei fleste. Av Tysse-skyttarane er det nok også berre Alf Høysæter som til no har greidd å koma opp på eit nivå der han har kunna konkurrert med dei aller beste i landet.

Ungdom som satsar på skyting i dag trenar seg opp til at blinkar og topp seriar skal vera det normale. Som ein seier det: - Når me slumpa til å skyta mange tiarar før i tida, fekk me nerver og sprakk. I dag vert dei skuffa om dei ikkje skyt topp resultat. Og det å takla nervepresset, ikkje minst når dei har opna godt, er sjølv sagt veldig viktig i skyting. - Sjå kor han skjelv i knena, høyrde Torolf Solvang einkvan seia bak seg då han stod på standplass ein gong i sin ungdom. - Eg vart ikkje nett betre av det, legg han til.

I alle fall er det sjølv sagt djupt urettferdig å samanlikna resultata til gamlekarane med dei som driv og skyt no. Når det gjeld poeng og treffsikkerheit kan skyttarar berre samanliknast med konkurrentar frå si eiga tid. Og det er ikkje utan vidare sagt at ein Alf Høysæter frå i dag er ein betre skyttar enn for eksempel Hans J. Tysse var på 20-talet.

Ikkje minst etter krigen har utviklinga gått fort, i skyttarsporten som i alt anna. I 1956 vart det sett opp ein premie på kr. 50,- til den som først skaut over 90 poeng på grunnlaget på Tyssebana. Kjell Langeland sikra seg femtilappen etter lagsmeisterskapet i 1962. I dag veit me at det er ingen sensasjon at skyttarar får 100 poeng, fullt hus, på grunnlaget.

Rekruttering

- tilfellet Frøylandsdalen og Høysæter

Kven er det som vert skyttarar? Samanliknar ein skyting med andre idrettar, ser me straks ein vesentleg skilnad. Skyting er ikkje ein idrett som alle ungar kjem borti gjennom leik og moro, slik som for eksempel fotball, ski og springing. Det trengst litt meir aktiv innsats for å få born og ungdomar til å prøva skyttarsporten. Dei som vert skyttarar har då ofte også ein far, ein onkel, ein eldre bror, ein kamerat eller ein nabo som er aktiv frå før. Rekrutteringa til Tysse skyttarlag er sterkt merkt av dette. Enkelte familiar og grender går igjen gjennom store delar av skyttarlaget si soge.

Det er for eksempel sjølv sagt ikkje tilfeldig at området Frøylandsdalen - Høysæter har hatt ein spesiell rolle i Tysse skyttarlag. Frå 1899 og fram til skipinga av Frølandsdalen skyttarlag i 1907 hadde denne delen av bygda formannen kvart einaste år (Thomas Jarland og Bertin Frøland), i tillegg til at dei hadde samtlege av skyttarane i laget som var gode nok til å få skyta i klasse 2.

Etter kløyvinga og mellomspelet med Frølandsdalen skyttarlag, var skyttarane frå denne krinsen borte frå den aktive skytinga ein del år. Men eit tiår seinare er igjen mange av dei mest ivrige medlemene i Tysse skyttarlag frå Frøylandsdalen og Høysæter. Mellom dei var Vilhelm V. Haug som også var formann i laget gjennom fire år først på trettitalet. Rett før krigen var bortimot halvparten av medlemene i Tysse skyttarlag frå denne delen av bygda. Ikkje minst merkjer Høysæter seg ut. Rett før krigen hadde den vesle grenda sju aktive medlemmer i Tysse skyttarlaget. Etter krigen var dei ikkje færre. Som ein eldre skyttar seier: - På Høysæter skaut alle.

Og det at "alle" på Høysæter skaut på den tida, nyt Tysse skyttarlag godt av den dag i dag.

For dei som vaks opp på Høysæter, i Svendsdalen og Børdalen etter krigen, kom tidleg borti skyttarsporten, nær sagt enten dei ville eller ikkje. For dei vaksne reiste sjølv sagt ikkje ned til Tysse for å trenast, men skaut heime på Høysæter. Småkarane fekk i oppdrag å anvisa. Som takk for hjelpa fekk dei så skyta eit par skot til slutt. Og sjølv om fleire av gutane på Høysæter sidan skulle utvikla seg til storskyttarar, var tydelegvis ikkje alle fødte som det. Alf Høysæter fortel at jorda ofte spruta opp hundre meter bak skivene når han fekk prøva seg. - Eg var litt treg, eg, forklarar Alf'n.

Ein som tidleg fekk tak på det var Terje Høysæter, og han lokka dei yngre gutane med seg, mellom dei Alf Høysæter, Arvid Kolle og Per Eikestad. Eit miljø var i ferd med å oppstå. Dei trente og kappskaut. Når

dei var i Svendsdalen låg dei gjerne inne i gangen hos Arvid'n og skaut ut gjennom døra. Ein gong skaut dei av telefonleidningen. Dei var snare og fann ein koparstreng til å skøyta han med. Og vølingsarbeidet var godt nok det, koparstrengen gjer visst nytta den dag i dag. Men karane er ikkje einige om kven som eigentleg skaut av leidningen, sjølv om ein av dei hevdar at det var "typisk Terje" å greia noko slikt.

Terje var litt eldre enn dei andre og lokka dei etter kvart med seg på stemne også. Ein gong ville han absolutt ha Arvid'n med seg til Dale på skyting. Jau, Arvid'n let seg då overtala og skaut seg inn på ei kakebomme heime på myrane i Svendsdalen. Og det gjekk ikkje likare enn at Arvid'n vann stemnet på Dale, med Terje på andre plass. - Da va no som søren at eg sku dra på deg óg, sa Terje i bilen heimatt.

Kameratflokkjen på Høysæter inspirerte i alle fall kvarandre til å verta betre og betre skyttarar. Og etter kvart som dei kom inn under Kjell Langeland si kunnskapsrike rettleing og vernande hand, utvikla alle desse som her er nemnde seg til skyttarar som har hausta fleire premiar og medaljar enn dei aller fleste i fylket.

På stemne

Går me attende til dei første tiåra av skyttarlaget si soge, var det nok ikkje så veldig ofte dei var utor kommunen på stemne. Når valet stod mellom å gå eller å ro/sigla for å koma seg nokon stad, seier det seg sjølv at det ikkje vart langtur så ofte. Det vert fortalt at samningar gjekk frå Frøland og over fjellet til Kikedalen for å delta i skyting i Hålandsdalen. Elles var det ofte å bruka båt utover fjorden.

Og når stemnene ikkje var i næraste nabobygdene måtte dei overnatta. Då for eksempel Tysse-skyttarane var til Rosendal på Vestlandsstemne i 1929 må det ha vore ei heil reis.

Men som i det meste elles er det først dei siste par tiåra at dei verkeleg store forandringane har kome. I dag får skyttarane med seg inntil fem stemne på ei helg. Sett litt på spissen føregår det ved at skyttarane rasar rundt i bilane sine, hiv seg ut og brenner av nokre skot der det er stemne, stuper innatt i bilen og hastar vidare til neste stemne, utan å venta på eventuelle premiar. Det vert mange skot, og av og til mange premiar, av slikt, men skyttarane er nok samde om at mykje er gått tapt når det gjeld det sosiale.

Før i tida var dei fleste stemne, småe eller store, eit familiestemne. Kjell Langeland, ein av dei som har følgt utviklinga heilt frå krigen, innrømer gjerne at han saknar den tida då heile familien var med på stemne. Var veret fint slo ein opp telt i skogkanten og hadde all verdas tid til å prata og mora seg. At kone og born skulle vera med var heilt sjølv sagt, så sjølv sagt at kona til Kjell Langeland var med på stemne i

veglause Lygrefjorden tre-fire dagar før ho skulle fø. Ein annan gong bar det direkte frå Ulven til klinikken.

Sjølv om det var snakk om stemne som berre gjekk over ein dag, var dei fleste til stades frå skytinga byrja til premiane vart utdelte under stor jubel.

I dag er det berre landskyttarstemna som framleis fungerer som eit familiestemne med stor plass til det sosiale, sjølv om det også der har skjedd ei utvikling som gjer at mange av dei som kjem først i veka er reiste heimatt når storskyttarane inntek stemna i slutten av veka.

Snakkar ein med skyttarane, enten det er slike som var aktive for femti år sidan eller det er dei som kom med for ein tjue-tretti år sidan, så har dei tydlegvis mange minne frå stemneturar.

Så veldig kresen på forholda kunne ein ikkje vera når ein var på stemne som gjekk over ei heil helg. Skyttarane fortel ikkje berre om overnatting i telt, men også om når dei låg i løer, i grisehus og i hestestall. Eller dei fortel om den gongen då digre Terje Høysæter med dårleg rygg vart trykt ned i ei halvanna meter lang barneseng. Neste dag måtte han brytast ut or senga og brettast inn i bilen. Men i ettertid er alt dette vorte til gode minne. For moro hadde dei det når dei var ute og reiste, det er dei einige om.

Sjølv opplevinga frå Vestlandsstemnet i Stavanger for ein del år sidan er råd å le av no når tida har gått. Tysse-skyttarane kom til eit mørkt og regnfullt Stavanger seint, seint om kvelden. Ikkje noko spesielt lagleg ver å bu i telt i akkurat. Og å få opp telt i regnver og stupmørkre var korkje skøy eller lett, i alle fall ikkje då det viste seg at dei hadde gløymt å ta med seg lommeløkt. Men det problemet løyste dei ved å få drosjesjåføren til å lysa med bilen til telta var oppe. Våte og kalde var dei endeleg klare til å gå til ro, men meinte at det ville smaka med ein varm kopp kaffi først. Jau, alltid velvillige Alf Høysæter gjekk for å finna vatn i ein sildrebekk som rann nett nedom dei. Og kaffi vart det. Men med ein merkeleg lukt, vart det hevda. Men sidan skyttarar ikkje er så nøgne på det, tok dei alle ein skikkeleg sup. Men fytte søren for ein smak. Det smakar då kupiss av kaffien, påstod ein. Og det var sjølv sagt nett det det gjorde. Dagslyset neste dag avslørte at sildrebekken til Alf'n var eit møttingsig.

Sjølv sagt kunne stemnene ofte verta i meste laget sosiale før i tida. Eit kvart stemne var ein fest, påstår ein, og legg til at det var like viktig å få med seg heimabrugga som gevær når ein skulle på stemne. Og sidan psykisk trening ikkje var oppfunne den gongen, var det og somme som måtte bakom ein vegg for å stiva opp nervene med eitkvart sterkt før dei skulle skyta. Resultatet av denne "nerve-medisinen" kunne vel vera så ymse. Enkelte skyttarar vart stundom i meste laget rolege. Dei som var

til stades gløymer aldri han som måtte vekkjast mellom kvart prøveskot. Til slutt tykte stemneleiinga at det gjekk for vidt og viste mannen bort frå standplass. "Detta hadde gått flott, men eg vart vist ut", kommenterte den ikkje heilt edru skyttaren etterpå. Og sjølv om dette var eit heilt ekstremt døme, så hende det nok at ein og annan skyttaren veivde ein god del meir med børsa enn bra var om ein sikta seg inn på eit anstendig resultat. Men nervøse var dei sikkert ikkje, desse skyttarane.

Sjølv om det var ein god del sosialt liv i samband med stemnene før i tida, skipa også skyttarlaget til eigne skyttarfestar. Ein kvittering etter skyttarfesten på Bjørkheim i november 1958 gjev eit lite gløtt inn i desse festane. Det var 64 gjester til stades på denne festen, og dei betalte 6 kroner kvar. Øl var ikkje inkludert. Festdeltakarane kjøpte 166 halve pils (til kr. 1.10 for stykket), men utrekna på kvar festdeltakar vert det trass alt ikkje meir enn litt over to og ei halv flaske på kvar. Til sist på rekningen er skyttarlaget kravd for 25 tomflasker som tydelegvis ikkje vart leverte inn att. Var det enkelte som kjøpte seg niste til heimturen kanskje?



Bilete teke på ein skyttarfest på Bjørkheim tidleg i femtiåra ein gong. Frå venstre Olav Skar, Ole J. Tysse, Selmar Nilsen, Knut Knutsen, Hans H. Solberg (står) og Toralf Solvang.

Tonen i laget

I samband med at denne saga skulle skrivast hadde me eit møte med somme av dei skyttarane som hadde si mest aktive tid rett etter krigen.

- Har de høyrte korleis dagens skyttarar snakkar til kvarandre? spurde ein av dei som var på møtet. - Dei ertar, spitar og slengjer skit til kvarandre. Fører eit merkeleg språk, spør du meg, la han til.

Jau, fleire av dei andre hadde lagt merke til det same. Og dei påstod at dei sjølve ikkje hadde ein slik tone i laget i tida etter krigen. Men derimot hadde dei ein mistanke om at gamlekarane, dei som var aktive før krigen, hadde ein liknande måte å snakka til kvarandre på. - Du trur du er vorte storskyttar no då, var dei oppmuntrande ord dei kunne seia til ein som var lukkeleg over å ha skote sin livs serie.

Så då kan det kanskje henda at laget har tradisjon for ein litt røff og uvøren tone skyttarane i mellom? Når ein ser bort frå eit par snille tiår (?) straks etter krigen då, sjølv sagt.

I dag er dei i alle fall ikkje spesielt diplomatiske i kjeften, Tysse-skyttarane.

- Eg hadde med desse karane te å prøveskyta finalen for meg, men så kom dei seg ikkje te finalen ein gong! Fø på slikt! Dette var dei venlege orda ein skyttar brukte då han skulle fortelja om då han og to andre hadde vore på skyting.

Når dei fortel frå eit stemne tek dei ikkje to øre for å omtala ein kompis som "ein slumpeskyttar som stod og rista og skolv".

Eller når nokon sprikk på lagskytinga og øydelegg for heile laget: - Da va godt du hadde snippen igjen elles så hadde det rivna alt, "trøystar" dei den ulukkelege.

Eller: - Eg forstod med ein gong at da va du so skaut, sa Terje Høysæter etter at han hadde anvist Haldor Langeland sin mislukka serie. Det var gode ord å få i ei tung stund.

Men det er ikkje stort betre når nokon skyt godt:

- Eg skaut 99, fortel ein stolt og lukkeleg skyttar.

- Berre 99!? får han til svar.

Og det er ikkje alltid bruk for dei store ord og lange setningar for å setja ein lagkamerat på plass:

- Kor gjekk da?

- Jau, eg skaut fullt hus igjen!

- Igjen?

Og det er tydleg at det er nesten like stor stas å fortelja om dei andre sine bommar som å fortelja om sine egne treff. Det er i alle fall mange som gjerne vil fortelja historien om den gongen Per Eikestad var til Voss og skaut. Dei andre påstår at han ikkje har våga seg oppatt der etterpå. Han skuldar dei nemleg eit treff.

Jau då. Det var feltstemne på Voss i eit fæla ver med vind og snø og alt det verste som tenkjast kan. Ikkje såg dei noko og skruinga vart noko tilfeldig. Per´n skrudde så han var sikker. Tent på oppgåva var han nok også. I alle fall skaut han før ild-kommandoen kom. Skyttarar som kjem i skade for å gjera ein slik feil, vert automatisk trekte ein treff. Men bortsett frå at han var litt tidleg med første skotet, var Per´n godt nøgd med seg sjølv. - Du verden kor godt eg såg, fortalde han etterpå. Men om han hadde sett godt, så hadde han i alle fall troffe dårleg. Det vart nemleg 30 bom, bom på samtlege skot altså. Og med eitt i trekk for å ha skote for tidleg, enda han altså på minus 1, lagsrekord feil veg.

Du har inga framtid i Tysse skyttarlag om du ikkje toler at lagkamera-tane elskar å fortelja slike historiar om deg.

Endå til "han far sjølv", Kjell Langeland, må tola at dei andre er morosame på hans bekostning. Dei fortel gjerne om den gongen han sota filteret. Å sota siktet er nokså vanleg. Men ein gong gløymde Kjell´n å fjerna filteret først. Dermed vart *det* sota også. Og det vart svarte natta då han skulle sikta. Ein gong reinska dei forresten eit område på storleik med eit middels småbruk heilt ned på grunnfjellet etter at "einkvan" hadde misst det ørvesle filteret ned i lyngen.

Dei andre fortel også gjerne om den gongen Kjell´n hadde limt framsiktet. Men etter kvart som han skaut og løpet vart varmt seig siktet nedover. Og Kjell´n vreid børsa etter. Til slutt hang siktet beint ned, påstår dei andre med breie flir. Men han var vel ikkje stort lurare han som "bøtte" buksa med Araldit og fekk pansra buksebak.

Men det er ikkje berre meir eller mindre godmodig spit og "skitkasting" som pregar tonen i laget. Fantasien når det gjeld forklaringar på kvifor ein ikkje skaut så bra som ein burde, er grenselaus, vert det hevda.

- Jau, du forstår, geværet gjorde eit hopp i det eg skulle trykkja av, forklarte Kjell´n eit mislukka skot med.

- Ja, då var du jammen heldig som fekk tak i det igjen, svara Alf´n gravalvorleg.

Halldor Langeland påstår elles at det er endå meir typisk at dei aldri kjem til poenget når dei legg ut sine uendeleg lange bortforklaringar og utgreiingar om kvifor det gjekk så dårleg. Me trur han så gjerne.

Men om tonen i Tysse skyttarlag kan virka noko rå og ufin for utanforståande, så kan det umogeleg vera vondt meint. I alle fall har dei som i dag utgjer kjernen i laget halde saman i ein mannsalder utan å verta uvener. Det virkar faktisk som dei trivst svært så godt i lag.

Spesielt gode prestasjonar

I dette oversynet er det ei stor overvekt av plasseringar frå siste halvdel av Tysse skyttarlag si søge. Årsaka til dette er først og fremst at det har vore veldig vanskeleg å få tak i resultatlister frå før krigen. I tillegg deltok skyttarane i gamle dagar på langt færre stemne, i alle fall på større stemne som krov lange reiser. Men den skeive fordelinga betyr i alle fall ikkje at Tysse skyttarlag sine medlemmer hevda seg mindre godt i gamle dagar enn dei gjer no. Tvert om er det heilt tydleg at Tysse skyttarlag støtt har vore rekna for å vera eit av dei betre laga i samlaget.

Av dei få prestasjonane frå før krigen me har oversyn over, har me tidlegare nemnt Hans J. Tysse sine kongepokalar. Men han var ikkje åleine om å skyta godt i laget. I denne perioden vart det for eksempel skipa til årvisse pokalkampar mellom Bergen nordre, Bergen, Laksevåg, Fana, Os og Tysse skyttarlag. Tysse vann denne tevlinga både i 1926, 1927, 1928 og 1930.

Går me endå lengre attende i tid, veit me at to samningar fekk skyttarmedaljen i 1911. Og det var ein medalje som hang høgt. I Hordaland skyttarsamlag var det totalt delt ut 1 gylt og 4 sølv det året. Mellom dei fire som fekk sølv var Knut J. Tysse og I.J.Ystaas frå Tysse skyttarlag. Tre år seinare var det Hans R. Nilsen sin tur til å få skyttarmedaljen i sølv.

Medaljevinnarar landskyttarstemne baneskyting

- 19?? Hans J. Tysse
- 1957 Hans H. Solberg
- 1971 Terje Høysæter
- 1971 Svein Olsnes
- 1974 Terje Høysæter*
- 1976 Alf Høysæter
- 1980 Terje Høysæter*
- 1985 Johnny Hisdal - klasse rekrutt
- 1988 Alf Høysæter*

Alf Høysæter var også med på Hordaland sitt sigrande lag i samlagskytinga under landstemnet i 1983 og han var med på bronselaget i 1980.

Medaljevinnarar Norgesmeisterskap feltskyting

- 1969 Terje Høysæter
- 1978 Terje Høysæter
- 1983 Terje Høysæter
- 1983 Alf Høysæter
- 1988 Arvid Kolle
- 1989 Joar Kolle - klasse rekrutt
- 1990 Joar Kolle - klasse eldre rekrutt

Hordastemne feltskyting - sigrar

- 1973 Alf Høysæter
- 1979 Per Eikestad
- 1982 Nils Høgli
- 1984 Arvid Kolle
- 1987 Alf Høysæter
- 1989 Joar Kolle - klasse rekrutt
- 1991 Trond Nordvik - klasse rekrutt
- 1992 Trond Nordvik - klasse eldre rekrutt

Vestlandsstemne baneskyting - sigrar

Hordastemne baneskyting - sigrar

Frå 1981 gjekk det som før hadde vore eit stemne for heile Vestlandet over til å verta eit stemne berre for Hordaland fylke, og skifta følgjeleg namn frå Vestlandstemnet til Hordastemnet.

- 1924 Hans J. Tysse - liten kongepokal
- 1929 Hans J. Tysse - liten kongepokal
- 1930 Hans J. Tysse
- 1958 Terje Høysæter - klasse junior
- 1989 Øystein Aadland - klasse junior
- 1991 Joar Kolle - klasse junior
- 1991 Trond Nordvik - klasse rekrutt
- 1991 Kjell Langeland - klasse V55

Samlagstemne feltskyting - sigrar

- 1969 Harald Røsseland - klasse 1
- 1976 Alf Høysæter
- 1977 Kjell Ove Skår - klasse rekrutt
- 1978 Alf Høysæter
- 1978 Kjell Ove Skår - klasse rekrutt
- 1979 Alf Høysæter
- 1979 Rune Erdal - klasse 1

- 1980 Kjell Langeland
- 1980 Kjell Ove Skår - klasse junior
- 1982 Alf Høysæter
- 1983 Arvid Kolle
- 1985 Endre Eikestad - klasse rekrutt
- 1986 Per Eikestad
- 1987 Halldor Langeland
- 1989 Alf Høysæter
- 1990 Øystein Aadland - klasse 1
- 1990 Joar Kolle - klasse eldre rekrutt
- 1990 Roger Gjerde - klasse junior
- 1992 Trond Nordvik - klasse eldre rekrutt

Samlagstemne baneskyting - sigrar

- 1924 Vilhelm Haug
- 1926 Ludvik Skar
- 1927 Leif Matthiessen
- 1928 Leif Matthiessen
- 1975 Håkon O. Aadland - klasse rekrutt
- 1977 Håkon O. Aadland - klasse 1
- 1977 Alf Høysæter
- 1989 Joar Kolle - klasse rekrutt
- 1989 Øystein Aadland - klasse junior
- 1991 Trond Nordvik - klasse rekrutt

Deltaking i Nationsfinalen

- 1979 Kjell Langeland
- 1980 Alf Høysæter
- 1982 Alf Høysæter
- 1983 Alf Høysæter

Deltaking i Nordisk meisterskap

- 1977 Terje Høysæter
- 1978 Per Eikestad
- 1981 Alf Høysæter
- 1982 Alf Høysæter
- 1987 Alf Høysæter

Sigrar lagskyting felt og bane i nyare tid

Hordastemne felt

1974 - 1976 - 1978 - 1979 - 1984 - 1986

Samlagstemne felt

1972 - 1976 - 1977 - 1980 - 1981 - 1982 - 1984 - 1986 - 1987
- 1988 - 1989

Samlagstemne bane

1971 - 1972 - 1973 - 1975 - 1981



Ein del av Tysse skyttarlag si store og verdfulle premiesamling.

Framtida

Det er liten tvil om at Tysse skyttarlag står svært sterkt når dei no rundar 100 år. Dei har eit idyllisk og topp moderne baneanlegg i Gaupholmsmarka, og dei har ei miniatyrbane i Hagabotnane som er eit stort pluss, ikkje minst for rekrutteringsarbeidet i laget.

Sjølv sagt vil enkelte påstå at det er ein veikskap ved laget at det er dei same karane som har dominert i toppen dei siste 20-30 åra. Men på den andre sida er det nettopp i dei yngste klassane at laget har fått mange av dei beste plasseringane dei aller siste åra, så det skulle vera liten grunn til å sjå mørkt på framtida slik sett.

Samanliknar ein Tysse skyttarlag av i dag med laget i tidlegare tider, er den mest påfallande skilnaden det gode tilbodet laget no kan tilby når det gjeld anlegg og utstyr. Men ein nesten like påfallande skilnad er den beinharde konkurransen om ungdomen si fritid som har utvikla seg dei siste par tiåra. Før i tida var skyting omtrent det einaste tilbodet ungdomen hadde innan idrett i sumarhalvåret. I dag lyt skyttarlaget kjempa med drøssevis av andre tilbod når dei vil ha born og ungdom til sin idrett. Ikkje minst er dette eit stort problem når ungdomane kjem i den alderen at dei føler at dei må velja kva idrett dei skal satsa på.

Men i jubileumsåret 1992 står Tysse skyttarlag sterkt til å møte denne utfordringa.



R. Brigtsen A/S

DAGLEGVARER

5858 ÅRLAND

Telf. 58 76 16

GUNSTIGE PRISER: BE OM TILBUD!

KAGANGSTØ
Værktøjsuk og industri-service

5648 HOLMEFJORD - TELEFON: (05) 58 29 70


Safa

**Strømper for aktiv fritid
Sitter som et skudd på foten!**

A/S Safa - Samnanger Fabrikker

P.B.69, 5650 TYSSE

Telefon 05 58 61 00 Telefax 05 58 66 45



**BERGEN
LYSVERKER**

- arbeid med spenning!

**NO ER DET ENDA
BILLEGARE Å RINGJA!!**

Tele 

Ole Magnar Nordvik

Rørl.forr.

5658 ÅRLAND

TLF. 05 58 77 72 - mobil 090 58 209

LÅNERENTA

**LÅG RENTE OG GODE VILKÅR PÅ BUSTADLÅN
I SPAREBANKEN VEST**

EIN GOD GRUNN TIL Å SKIFTA BANK!

Som den leiande personkundebanken på Vestlandet er vi opptekne av
å tilby kundane våre ei låg, stabil rente og gode vilkår på bustadlån.
Lånerenta har ikkje endra seg sidan vi sette ho ned i juli 1989.

I 1990 nytta 6 100 kundar Sparebanken Vest til å
finansiera/refinansiera bustadlåna sine.

Kom inn og lat oss saman finna
løysingar som kan gjera økonomien
betre for familien.

*Velkommen
til oss!*

SPAREBANKEN  VEST

**Byggjeplanar?
Store eller små! Kontakt oss!**



ØYSTEIN BOGE A/S
TRELAST * HØVLERI * BYGGJEVARER

5648 HOLMEFJORD - Tlf. 05 58 28 52 - Fax 58 29 15

Knut Inge Svendsdal

GRAVING - TRANSPORT



5658 Årland - Telefon 05-58 87 33 - Mobiltlf. 090-56 801

Hæglands Interiørfabrikk a.s

Rolvåg - 5658 Årland - Tlf. (05) 58 81 82

VI LEVERER:

KJØKKEN - BAD - DØRER - VINDUER - TRAPPER - SPESIALINNREDNINGER




Bjørkheim
KRO & MOTEL
SAMNANGER - ☎ (05) 58 77 40

VVS fagmannen

JO-RØR A/S
5658 ÅRLAND
JOAR. OLDERVOLL

Tlf. 58 77 69 - Mobil 060 85 195

KJØP VVS HOS FAGMANNEN KJØP VVS HOS FAGMANNEN

Bergens  Tidende

Gjerde Kolonial
DAGLIGVARER
VIDEO

Telefon 05 58 62 38 - 05 58 61 20

DIN OPEL-FORHANDLAR

Johs. Oldervoll Bilforretning a/s

Apeltunveien 2c, 5050 Nesttun
Tlf. 05 13 55 77



Autorisert GM-forhandlar



BUSSTURAR

... blåtur, transfer, sightseeing,
skiturar, utfluktar og dagsturar,
korte og lange turar for korps,
pensjonistlag eller bedrifter,
pakkeløysingar for spesialturar
BHV står til teneste
ved alle former for bussutleige!



Postboks 62
Inndalsveien 22 - 5032 Minde
Telefon 05 29 15 07
Telefax 05 20 18 55

NYGÅRD FISK A/S

5650 TYSSE



H. Hadeland

TRELAST · BYGGEVARER · MALERVARER · KJØKKEN · DØRER · VINDUER

5650 TYSSE - Tlf. 05 58 61 22



K. KNUTSEN

PÅ KAIEN I TYSSE



UNI STOREBRAND

SKOG OG HAGEMASKINER
Jonsered



Mest kjøpt i Norge

FORHANDLAR

O.J.HOLMEFJORD

5648 Holmefjord - Tlf. 05 58 29 63

BJØRNEFJORDEN

- MIDT I BLINKEN FOR FERIE- OG FRITIDSREISER!



BJØRNEFJORDEN REISELIVSLAG

OS — FUSA — SAMNANGER

BOKS 1 N-5201 OS

**HUS OG HYTTER
TIL LEIGE, ring:**

Tel.: 05 30 15 60

Vi gratulerer jubilenten



as Central **TRYKKERIET**

Hollendergaten 10-12 - Postboks 32 - 5001 Bergen
Telefon 31 66 29 - Telefax 32 03 56

ISBN 82-7128-170-4